



Vekeplan for 4. trinn - veke 8

Tid	Måndag 18.2	Tysdag 19.2	Onsdag 20.2	Torsdag 21.2	Fredag 22.2
08.15 09.45	Øving i aulaen frå kl.09.00	Øving i aulaen kl.08.45	4A – matte 4B - norsk 4C - matte 4D - matte Kl 08.45 øving i aula	Øving i aulaen	Klasseroms- aktivitetar/ Øving i aulaen
09.45 10.00	Friminutt	Friminutt	Friminutt	Friminutt	Friminutt
10.00 10.50	Øving i aulaen	Øving i aula	4A - arb.time 4B - arb.time 4C - symjing 4D - arb.time	Fysisk aktivitet ute	«Syng med oss!»
10.50 11.45	Mat/ friminutt	Mat/ friminutt	Mat/ friminutt	Mat/ friminutt	Mat/friminutt
11.45 12.45	4A - engelsk 4B - engelsk 4C - norsk 4D - krle	Arb.time	4A - arb.time 4B - symjing 4C - norsk 4D - arb.time	Øving i aulaen	Karnevals- aktivitetar på trinnet.
12.55 13.55	4A - norsk 4B - krle 4C - engelsk 4D - norsk		4A - k&h 4B - k&h 4C - k&h 4D - k&h		

Fag:	Mål:	Dette arbeider me med:
Norsk	Eg lærer tekst utanat. Eg finn rim i tekstane som hjelper meg til å hugsa.	«Songskattane» Ferdigstilling av arbeid
Matematikk	Eg kan bruka brøk for å beskriva del av ein heil og del av ei mengd.	Brøk
Engelsk	Eg les høgfrekvente ord korrekt.	Let's read
KRLE	Eg kan samtala om rett og gale i buddhistisk etikk.	Buddhisme
Sosialt	Eg veit kva som er venta av meg når eg opptre i kor.	Opptre, framføring
Songskattane	Eg kan alle tekstane utanat innan fredag.	

Lekse til	
Tysdag	<p>Lesing: Sjå Showbie leselekse. Øv deg på å syngja songane til «Songskattane» utan å sjå i heftet. Gå gjennom tekstane saman med ein vaksen. Syng i lag. Den vaksne ser i heftet, men ikkje du. Lydfil på Showbie.</p> <p>Lesebestilling: Skriv ei melding til læraren din på Showbie, leselekse. Skriv kva du har øvd på og litt om korleis du ligg an.</p>
Onsdag	<p>Lesing: Sjå Showbie leselekse. Øv deg på å syngja songane til «Songskattane» utan å sjå i heftet. Gå gjennom tekstane saman med ein vaksen. Syng i lag. Den vaksne ser i heftet, men ikkje du. Lydfil på Showbie.</p> <p>Lesebestilling: Skriv ei melding til læraren din på Showbie, leselekse. Skriv kva du har øvd på og litt om korleis du ligg an.</p> <p>Engelsk: Arbeid 10 minutt med appen Reading Hero. Du skal ha lest alle orda rett før du går til neste nivå.</p> <p>4C og 4B: Hugs symjeklode, handkle og såpe.</p>
Torsdag	<p>Lesing: Sjå Showbie leselekse. Øv deg på å syngja songane til «Songskattane» utan å sjå i heftet. Gå gjennom tekstane saman med ein vaksen. Syng i lag. Den vaksne ser i heftet, men ikkje du. Lydfil på Showbie.</p> <p>Lesebestilling: Skriv ei melding til læraren din på Showbie, leselekse. Skriv kva du har øvd på og litt om korleis du ligg an.</p> <p>Kroppsøvingstimane går ut, men ver kledd for uteaktivitet. Sjå plan.</p>
Fredag	Karneval: Kom ferdig utkledd til skulen. Ikkje våpen. Vanleg matpakke.

Melding til heimen

Symjing: 4C og 4B skal ha symjing denne veka. Det er lurt at den gruppa som går først (4C) har med seg litt ekstra mat.

Ny elev byrjar på trinnet vårt måndag etter vinterferien. Velkommen til oss, Radowan. Han skal gå i 4D. Ta vel i mot han.

De ser av planen at her er unntakstilstand. Det vert lite ordinær undervisning denne veka. Me opererer med timeinnhald kalla arbeidstime. Då gjer me ferdig arbeid, eller har stasjonar med innhald frå tema me arbeider med.

Det store målet er å ro i land «Syng med oss!» og «Songskattane». Det er 4.trinn som inviterer til «Syng med oss!» fredag. Innhald der vert bolkar frå «Songskattane», samt karnevalssongar. Elevane er flinke. Takk for hjelp med innøving av songtekstar og roller.

«Songskattane» konsert: Onsdag 6. mars kl.19:00 – kl.19:45. Elevane møter kl. 18:30. Elevane får billettane sine denne veka.

Kostyme til «Songskattane»: Alle elevane skal vera kledde som born i gamle dagar. Jenter: t.d. skjørt, bluse, skaut, sjal, fletter, kofte. Gutar: t.d skjorte med oppbretta armar, knebukse (bukse oppi knesokkar?), bukseselar, vest, kofte, strikkegenser, six-pence. Me ser for oss at elevane opptrer berrfotte. Variasjon er fint.

Karneval: Karneval fredag 22/2. Kom ferdig utkledd til skulen. Ikkje våpen. Vanleg matpakke.

God vinterferie!

Helsing Anette 4A, Borghild 4B, Elisabeth 4C, Helena 4D, Patrik og Ranfrid.